

## Folkeminne og segner frå Leirstranda i Hillesøy.

Av Jens Solvang.

Kring midten av førre hundradåret gjekk vanleg for seg godt sildefiske om haustane i fjordane nordst i Tromsfylket, og folk søkte dit lengere sørfrå. Men Malangen var dengong som no eit farleg fjordgap å ferdes over på småbåtar når landvindsstorm rauk op i morke kveldar og netter, og mange ulukker hendte med tap av menneskeliv. Så fortel folketradisjonen.

Eingong hadde ein båt med tri menn ein stormkveld kvelva seg på heimvegen sørretter. Mennene kom seg på kvelvet, som tok til å driva nedetter fjorden mot Leirstranda. Men striden for å halda seg fast, stødt overskola av skavlane, tok på kreftene og dei to gleid ut og vart borte. Den tridje, som vel har vore ein sers hardbalen kar fekk slirekniven driven inn millom draget og båtkjølen, og den heldt han seg fast med og fylgde kvelvet nedover mot land. Med otte hørte han dunen av brotta mot fjæresteinane nærme seg - han greidde truleg ikkje halda seg fast når det bar på land. Men so med eitt svinga kvelvet oppi vinden og vart liggjande - dreggefesta hadde vore fast om framstammen, og no hadde dreggen fått tak mot marebakken.

På Engenes var folka oppe endå, og der brann lys i vi dauga. Han gav det eine naudrop etter det andre, men in en hørte han, og lysa vart sløkte og så tok natta til, audsleg og endelaus lang - og kvelvet vart liggjande berre 200 m. utfor Engenesgarden\*).

-----  
1) Engenes er innste garden i Hillesøy herad, ligg midt nedfor Malangsmunningen, og austavinden bryt som havsjø mot stranda.

På Engenes var kvinnfolka oppe andre morgonen i otta; dei hadde flatbraud-baking. Då stakkaren på kvelvet såg lysa tendt igjen, tok han til å rope. Ei gjenta var ute og hørte han, og mannfolka vart vekte, og dei tok ut og leitte, og fann han straks i mykje forkomen tilstand. Men han stod hardota øver utan varig mein.

Om det var før eller seinare tørr eg ikkje segje, men ein båt hadde velta seg på Malangen og folka var komne bort. Båten dreiv på land på lag midt imillom Engenes

og Greipstad og vart berga og opsett på stranda der. Hans Jørgensa i Buvik kom frå Bakkejord ein mørk kveld, skulde heim og gjekk attmed fjæra. Der søkk han med foten ned i eit leirhol og vart dugeleg tilsøyla; men so stod båten der, og han gjekk bort til og spente med støvlen møt den til å slå leira av. Då tykte han sjå ein mann reise seg op i fjæresteinane ved havbarden, og rædsla tok han; han la på sprang opover strandbakken og utetter; men då han kom inn gjennom døra på Greipstad, seig han i uvitt.

Dei gamle visste av tri stader her i grenda der skrymt, underjordiske, eller kva det nø var heldt til: Kvalnesbergan, Engenes-stranda og under Ramnberget. I Kvalnesbergan der dei kallar Trolltoften var det fleire som hadde set ein gamal mann stusle omkring i mørke kveldar og måneskinsnetter. Nokre vil setje skrymtet i samband med ein gamal mann som eingong i fortida gjekk frisk frå Bakkejord, skulde til Mjelde, men vart funnen daud i Kvalnesbergan.

På Engenesstranda var det huldra som heldt til. Midtveges renn ei elv ned frå fjellet, Mølnelva, kalla so avdi gamlekarane hadde kvernhus der. Der kunde dei heime frå garden sjå kor smaleflokken i ei lang rad midvinters drog ned frå fjellet til fjæra, og so vart dei borte, og båt kom tidt og la til i Mølnbukta og sø kvarv han bort medan dei såg på. Under Mølnhamaren rauk det stundom som av ein skorstein.

Dette med røyken under fjellet, som gamle mormor truverdige fortalde å ha set sjølv, har gjeve meg eitkvart å tenkje på. Ein haust før fleire år sidan var det berrfrost lenge utover før det kom sny. Eg kom kriklande fram gje-

-51-

nom steinurda under Mølnhamran. Då vart eg var eit op millom store steinar ned i urda, og opet var på innsida dekt med langt, kvitt frostrim på lag som skogen etter sterkt frostgovv. Eg vart undren, då steinane utom ikkje synte spør av rim. Det kunde ikkje væra ansleiss enn at der steig varmeeim utor hola som hadde lagt rimen.- Enn om det var slikt noko dei hadde skoda heime frå garden, og som i visse høve, tildømes i sterk frost, tedde seg som røyk. Seinare har eg merka meg at holet i urda held seg ope når det ikkje legg seg formykje sny over. Men no har huldra for lenge sidan slutta med å koke seg rome-graut under Mølnhamaren og jage smaleflokkane sine til fjæra. Truleg er ho flytta lenger inni marka, då eg bar budd nær passen i tjuge år og ikkje endå set eit hår korkje av henne eller sauene hennar.

Om Ramnberge inno Sandvika gjeng ei gamal segn at ein mann er vorten stupa utfor til straff før at han hadde drive utugt med eit dyr - ei merr. Både han og merra

vart fort oppå flåget og han vart fastbunden til halen og mann og dyr stupa nedfor. Sidan vart dei nedsøkt i eit hengedy beint nedanfor ved sjøbarden, som segna segjer er botnlaust. Kor mykje der ligg til grunn for segna er ikkje godt å segja. Men då gravhaugar langsmed stranda syner at gardane her har hatt busetjing i 15. og 16. hundradåra med sine barbariske straffemåtar, kan det godt væra, at ei slik hending har opskaka folkemedvitet så tilburden er fortalt frå slekt til slekt gjennom hundradåra.

Under Ramnberget er rare høler og groper, og dei har truleg gjeve stoff til skrymtsegna. Visst skal det væra at ei kona som var med barn eingong var ute for noko uhug legt der, og etterpå fødte ho eit vanskapt barn som til all lukka ikkje livde.

Vinteren 1855-56 hendte det sjeldne at Gisundet millom Senja og fastlandet fraus til med tjukk is så farta heile vintren laut gå utom Senja både nord og sør. Kring midten av desember 1855 var det i fleire dagar sudveststorm og striregn, og so den 22. klårna det op med stilt ver og frost

-52-

og morgonen attpå låg sundet islagt. Eit båtlag som kom frå sildfiske i Malangen, skulde sørretter og heim om natta, laut taka fast på Bjorelvneset, og då dei i 8 dagar hadde venta på at isen skulde bryte op, landsette dei båtane og for landveges heim. Snart vart isen så tjukk at dei både gjekk og kjørte han langsmed landet, og ein sudveststorm seinare på vann ikkje å bryte han, og han vart liggjande til heilt uti mai.

1856 må ha vøre eit stort frostår. Malangen var frosen lenger ut enn vanleg. Da det utpå vinteren blåste op ein landvindsstorm, dreiv eit ovstort isflak ut av Malangen og nedpå Leirstranda og nærpå blokkerte stranda i fleire viker.

Året 1867 var eit stort uår ikkje berre for Nordland men vidt om. Våren kom uvanleg seint. Endå kvitsundag som fall på 9. juni, låg store snyskavlar på vollen og kring husa på Engenes. Jonsokaftan (23. juni) måka dei siste snyskavlen bort fra ein lut av potetåkrer på Bakkejord. til å få høve å pløye. På dei fleste gardar sette dei potetene endå det var slutten av juni. Men veret heldt ved og var råkaldt både juli og august, med få solskinsdagar, so poteter vart det inkje av, og mange hakka ikkje op åkren om hausten, då det sjeldan fanst ein potet større enn ein moltebærkart. Men gamle Per på Greipstad hakka op og samla nogje kva som fanst og gøymte i kjellaren. Saueleitarar var over fjellet frå Bogen; dei sa til Per kva i all verda han trudde å gjera med dei små bæra, dei vørde ikkje eingong å grava i åkren; men Per var meir framsynt enn dei.

Næste vår vilde alle kjøpe sedpoteter, men ingen hadde til å selja, og få var dei som fekk noko i jorda. Per på Greipstad sette småpotetene sine og fekk på lag sed i alle åkrar, og det vart eit framifrå godt potetår 1868. Og den dag idag brukes på Greipstad og fleire gardar i grenda avkjøme av småpotetene hans Per Andreas og er eit sers godt potetslag.